



FYLKESMANNEN I HORDALAND
Postboks 7310
5020 BERGEN

Dato: 16.05.2018
Vår ref.: 2018/8568-16
Saksbehandlar: ninhoel
Dykkar ref.:

Oversending av søknad om samtykke til utviding av handelsareal på Rong - Øygarden kommune

Hordaland fylkeskommune har mottatt reguleringsplan frå Øygarden kommune, datert 14.03.2018. I reguleringsplanen ligg det inne utviding av handelsareal med 1.500 kvm frå dagens 7.300 kvm. I samsvar med *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* skal nytt eller samla handelsareal over 3.000 kvm ha fylkeskommunalt samtykke. Før slikt samtykke kan gjevast skal søknaden sendast Fylkesmannen i Hordaland for uttale.

Saka gjeld flytting av ein daglegvarebutikk frå Søre Sæle 2 km til senteret på Rong. Rong er definert som kommunesenter i dagens Øygarden kommune, og i den nye storkommunen vil Rong vere eit viktig lokalsenter. Her er planlagt ei større utbygging av bustader i nærområda til senteret. Daglegvareforretninga vil serve nærområdet og lokalsenteret forøvrig.

Vi oversender her søknaden frå Øygarden kommune (som Fylkesmannen i Hordaland ser ut til å ha fått tilsendt direkte i mars), og ber om Fylkesmannen si vurdering snarast og seinast innan 01. juni 2018. Dette er kortare frist enn dei vanlege 3 vekene, men Fylkeskommunen er avhengig av raskt svar då saka skal føreligge for Fylkesrådmannen den 05.06.2018. Vonar at dette er i orden og mogleg.

Det er delegert til fylkesutvalet (FUV) å gjere vedtak i saker om samtykke til handelsareal. Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) skal gje tilråding før vedtak i FUV.

Eva Katrine Ritland Taule
fagleiar kommunal plan

Nina Gjester Hoel
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Søknad om utviding av kjøpesenter på Rong frå PTA Eiendom, av 20.03.2018
- 2 E-post – oversending av søknad frå Øygarden kommune